



Uskedalens unge musiker Vegard Døssland (18) gjorde ein strålende innsats i NM-finalen for solistar på Musikhøgskulen i Oslo og var best på messing i si klasse.

Dette er den beste prestasjonen hans som musiker til no. Dommarkommentarane var særst rosande. Særleg vektla dei hans gode klang og teknikk.

Vegard var med i klasse 2 (16-20 år). 12 var kvalifisert til finalespel og uskedelingen fekk ein flott 8. plass av desse. Dermed var han den beste messingblåsar i si klasse. Før seg på lista hadde han 3 saksofonistar, 2 slagverkarar, 2 klarinettistar og ein fløytist.

Sjølv meiner Vegard at han har meir å gå på, særleg når det gjeld føredrag og tempo. Han legg ikkje skjul på at han hadde debutantnervar i dag.

- Eg har lært mykje denne helga som eg tar med meg vidare. Slike tevlingar gjev meirsmak, Det var ikkje minst inspirerende å høyra og bli kjend med dei andre deltakarane, seier han til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen